

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033, HistSak-14/3748
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/23	Alver kommunestyre	30.03.2023

Spørsmål/interpellasjonar til kommunestyret 30.03.2023

Alver kommunestyre 30.03.2023:

Handsaming:

Spørsmål frå Nina Øvreås-FRP ved Yngve Walaker FRP

Kommunestyret fikk orientering om at det var ingen tømme stasjon for bobil og campingvogner i vår kommune.

Det er pålagt å ha en slik tømme stasjon.

Har vi plan for å få dette på plass? Når og hvor?

Har vi en plan for tømme stasjon for båter?

SVAR FRÅ ORDFØRAR:

Bobilplassen.no legg ut oversikt over tømmestasjonar i Norge. Alver kommune har ikkje etablert slikt anlegg. Hovudgrunnen er at det fins tømmestasjonar for bubilar i nærleiken, og situasjonen har ikkje vore definert som kritisk i Alver, eller nødvendig, som lovtekstene seier, forureiningslova § 26:

«...Kommunen skal også sørge for nødvendige anlegg for tømning av avløpsvann fra bobiler, fritidsbåter m.v.»

Det er tømmestasjonar for bubilar på Hylkje i Bergen, Mastrevik i Austrheim, Haugsvær i Masfjorden og Mo i Modalen.

Når det gjeld tømmestasjon for båtar, er det tømmestasjonar i Florø, Hardbakke i Solund, i Bergen (Bergen Havn AS) og på Stord. Bergen Havn AS ivaretar m.a. Alver sine oppgåver på dette området.

Spørsmålet har vore reist i kommunestyret i Alver tidlegare. Kommunedirektøren har orientert om at slike anlegg må finansierast særskilt, utanom vatn- og avløpsområdet. Kommunen kan fastsette gebyr for å dekke kapitalkostnadene og kostnadene til tømning og drifta elles, jf forureiningslova § 34 om avfallsgebyr. Kommunedirektøren har førebels ikkje vurdert å prioritere denne investeringa i framlegg til økonomiplan, og har heller ikkje foreslått å melde inn eit planarbeid i planstrategien i så måte.

Spørsmål frå A.Byrknes-KRF:

Det har den siste tida vore fleire oppslag der fritids/sportsfiskararar opplever å få fisk som er full av fiskefor frå oppdrettsnæringa.

I Avisa Nordhordland kunne vi lese om Øystein Angelskår som opplevde dette, og som fekk kome i dialog med Eide Fjordbruk og sett korleis dei arbeider.

Det var også nyleg eit lesarinnlegg der ein aktiv samfunnsdebattant, Rune Chr. Tollefsen skreiv om fangst av villfisk som er full av pellet.

Han stiller bla spørsmålet kvifor skjer dette?

Ordførar: KrF tenkjer at det er viktig ? kome i dialog med oppdrettsnæringa i Alver kommune på bakgrunn av dette som fleire fiskarar i våre farvatn opplever. Det er viktig for innbyggjarane at dei får svar på kvifor dette skjer, og kva løysingar næringa har på denne utfordringa som vi ikkje ynskjer skjer.

Spørsmål:

Vil ordførar ta initiativ til eit dialogmøte med havbruksnæringa, gjerne i samarbeid med utval for næringsutvikling og drift?

SVAR FRÅ ORDFØRAR:

Ordførar har sett artiklane og lesarinnlegga media som spørsmålsstillar viser til.

I etterkant av desse, har ordførar hatt dialog med oppdrettsnæringa, og i denne dialogen vart vi samd om å invitere selskapa som driv oppdrettsnæring i Alver kommune til eit møte.

Ordførar hadde eit møte med nokre av selskapa i går (onsdag). I dette møtet vart vi einig om å fortsetje dialogen, og ordførar vil invitere til eit nytt møte med oppdrettsnæringa og yrkesfiskarar for å gå nærmare inn i problemstillinga, utfordringa og få fakta på bordet.

I møtet i går var oppdrettsnæringa tydeleg på at vi har same mål, og det er eit godt miljø og klima i fjorden.

Spørsmål frå I.Fjeldsbø-H:

Sjølv mord og sjølv mordsforsøk er dessverre ein utfordring både i Norge og i Alver kommune.

Hagelsundsbrua har

vore og er åstaden for fleire uheldige hendingar med sjølv mord og sjølv mordsforsøk.

Dette er ein alvorleg problematikk som har store konsekvensar for dei det rammar, så vel som deira familie og vener.

Vi i Alver kommune må ta tak i dette og jobbe aktivt for å hindre at det skjer igjen.

Eg vil gjerne spørja ordføraren:

1. Kva gjer kommunen med denne problematikken? Er det planlagt å setta inn tiltak på brua for å hindra sjølv mord?

2. Kan me gå i dialog med fylkeskommunen/staten for å få dei til å bidra med sikring av brua, og akter

Ordførar å

gjere dette?

SVAR FRÅ ORDFØRAR:

Psykisk helse er eit viktig tema som kommunestyret og ordførar har vore opptatt av. Som spørsmålsstillar skriv, er det viktig at vi arbeidar aktivt med å førebyggje sjølv mord. Ordførar og varaordførar tok opp temaet i eit møte med kommunedirektør i slutten av februar.

Ordførar har vore i dialog med politiet, som har tatt tak i saka, og sikring av Hagelsundbrua er meldt inn til politirådsmøte i april. Førebygging av sjølv mord har vore tema i fleire politirådsmøter tidlegare.

Alver kommune arbeider breidt og tverrfaglig både innanfor helse og omsorg og oppvekt med forebyggjende tiltak knyttet til psykisk helse. Ordførar har bedt kommunedirektør om ei heilskapleg oversikt over tiltak knytt til psykisk helse, men vil her melde to prosjekt som Alver kommune arbeidar med:

Psykisk helse- og rus er mellom anna med i eit prosjekt saman med Bergen kommune, Askøy kommune, Bjørnafjorden kommune og Voss kommune som heiter #aldrialene. I dette prosjektet ser ein saman på tiltak for å forebygge sjølv mord.

Tilsette i psykisk helse- og rus skal og gjennomføre obligatorisk VIVAT kurs (kurs i sjølv mordsforebygging) frå hausten. Har i tid hatt tilbodet, men ikkje vert obligatorisk før no.

Spørsmål frå K.Murberg-H:

Innledning:

I kommunestyret den 1.2.2023 sak 25/23 organisasjonsprosjekt Alver kommune, ble det gjort vedtak med formål: «Det må snarast setjast i gong eit prosjekt i heile kommuneorganisasjonen der målet er å finne ei berekraftig og framtidsretta drift av kommunen. Ei kontinuerleg forbetring der ein bla tar metoden LEAN i bruk skal vurderas»

Sak:

På kommunen sin hjemmeside er det lyst ut flere nye stillinger, benevnt som «nyopprettede stillinger».

Av disse er det 7 årsverk knyttet til sjukeheimar, stilling benevnt som driftsansvarlig.

Og det er 7 stillinger knyttet til heimeteneste, stillinger benevnt som fagansvarlig.

Slik dette kan forstås, så er det allerede iverksatt ei omorganisering i kommunen, som innebærer minimum 14 nye årsverk.

Det er rimelig å legge til grunn en kostnad på 1 mill. per stilling inkl. sos. Kost, og i tillegg kommer andre personellkostnader.

Kommunen pådrar seg altså en kostnad som følge av en omorganisering på antagelig 15. millioner årlig.

Spørsmål:

- 1) Hvordan henger dette sammen med vedtaket i kommunestyret?
- 2) Hvordan henger dette sammen med det som er beskrevet som en økonomisk utfordrende situasjon?
- 3) Gjenspeiler dette romsligheten i alle kommunens budsjetter?
- 4) Er det iverksatt andre lignende prosjekter, med tilsvarende økonomiske konsekvenser?

SVAR FRÅ ORDFØRAR:

Stillingane er lyst ut på grunn av økende vedtak og tjenestebehov i Heimetenesta og Sjukeheimstenesta. Fag/driftsansvarleg er operative stillingar i drifta med stillingskode for særaldersgrense.

De nye årsverkene er for å kunne gi faglig forsvarlige tjenester og for å fylle de lovmessige krava til tjenesteområdene.

Stillinga er lyst for å kunne gi god faglig kvalitet og kunne gi de tjenestene som brukerne har lovmessig rett på.

Alle stillingene er ikke nye i budsjettet for 2023, det ble lagt til noen nye ressurser som ble vedtatt i budsjett for 2023 ut fra økninger i vedtak samt økning i sjukeheimsplasser.

I lederavtalen i Alver Kommune har vi 3 ledernivåer, hvor det er mulig for den enkelt å vurdere å sette inn Fag/driftsansvarlig ut fra avdelingenes behov.

Dette ligger til delegasjonsreglementet. Det er så ledes ikke iverksatt en omorganisering .

Spørsmål 2

Alver kommune har som kjent vært, og er i, en krevende økonomisk situasjon.

Fra politisk side, har det vært oppfattet at det har vært krevende å finne tiltak som gir besparende effekt.

Samtidig så er det også mye aktivitet i kommunen, og flere oppgaver må løses gjennom innleie av konsulenter.

Det oppleves stadig at det er innleide konsulenter som må delta i politiske møter for legge frem saker og/eller svare på spørsmål.

Det er registrert tilfeller hvor konsulenter sitter i flere timer og venter på å komme til, og gjerne på kveldstid.

Fra oss i Høgre oppleves det underlig at kommunen ikke har, eller tar eierskap til sine egne prosjekter, men overlater til konsulenter å presentere og svare på spørsmål, på vegne av kommunen. Det fremstår i flere tilfeller som helt åpenbart at det er konsulentene som sitter med eierskap til prosjekter, og kommunen fremstår med manglende innsikt og oversikt.

Alver kommune bidrar altså til å bygge opp kompetanse og erfaring hos konsulenter, som man siden gjør seg avhengig av, ved å «outsourc» eierskap og kunnskap bygging rundt primær aktiviteter i kommunen.

Dette utløser følgende spørsmål:

- 1) Hvor store kostnader har kommunen årlig på innleie av konsulenter?
- 2) Hvordan ivaretas helheten i td. Prosjekter, når kommunen ikke har kunnskap/eierskap til innleide tjenester, bidrag eller delprosjekter, eller i alle fall ikke nok kunnskap til å kunne formidle informasjon rundt produkter og tjenester som er kjøpt?
- 3) Hva tenker kommunen om at den er med på å bygge erfaringer og kunnskap hos konsulenter, gjør seg avhengig av dem, og samtidig ikke klarere å implementere leveransen og kunnskapen?

SVAR FRÅ ORDFØRAR:

«Totale kostnader på konsulentar utgjør under 1 % av totale lønnskostnader. Dette viser at kommunen i hovudsak løyser kommunale oppgåver med egne ressursar. I kroner har Alver budsjettet med kr 14,7 mill for 2023. Av dette er ca kr 9 mill knytt til kontrollutval (1,315), organisasjonsprosjekt KO des (1,075), bedriftshelseteneste og ikt Nordhordland/DI (3,2), gjeldsforvaltning, forsikringsmekling og Framsikt (1,2), kommunale planer i tråd med planstrategi (2,1). Detaljert oppstilling følger protokollen.

På nokre områder har kommunen behov for spesialkompetanse i eit avgrensa tidsrom. Då vil det verken vere hensiktsmessig eller økonomisk forsvarleg å tilsette i faste stillingar. Ofte vil det heller ikkje vere mogleg sidan lønsnivået ligg langt over det kommunale lønsnivået.

Kommunen skal vere og er ein god bestillar slik at ein på ein god måte tek i bruk kompetansen som gode private aktørar kan tilby. Samarbeid med ulike private aktørar er med å utvikle kommunen sin eigen kompetanse. Innleigd kompetanse kan ofte bidra med andre perspektiv enn det ein har sett frå ein kommunal ståstad.

I til dømes investeringsprosjekt er det eit godt samarbeid og god arbeidsdeling mellom egne ressursar og innleigd kompetanse. Gjennom prosjektmetodikken og prosjektorganiseringa bidreg kommunale ressursar til å beskrive behovet som skal løysast i alle detaljar. Gjennom forprosjekt og prosjektering bidreg innleigde ressursar til å synleggjere ein eller fleire moglege løysingar og legge til rette for eit konkret konkurransegrunnlag som vert lagt ut på anbod. Det er også dyktige private aktørar som bygger på vegne av kommunen. Når investeringsprosjektet er ferdigstillt er det kommunal kompetanse som driftar bygget. Dette er ein kompetanse vi treng permanent og skal vere gode på.

Prosjektmetodikken sørgjer for at eigarskapet til prosjekt, uansett bruk av intern eller ekstern kompetanse, ligg i kommuneorganisasjonen. Kommunen har prosjekteigar, prosjektansvarleg og prosjektleiar i alle prosjekt.»

	Regnskap	Budsjett	
	2022	2023	Beskriving:

	Totalt Alver kommune	20	14 717	
	004			
	Herav:			
100	POLITISK	4 358	1 315	Sekretæriat kontrollutvalg, forvaltningsrevisjon og revisjon. Granskingssaka i 2022, møtegodtgjerdse kommunestyret til sjøvtendig næringsdrivande er ført på 12700 (men budsjettert under utgiftgodtgjerdse i 2022)
200	TOPPLEIARGRUPPA	2 132	1 075	Utgifter knytt til rettsaka Eqinor (2022). 2023: Politisk vedtatt ekstern konsulent organisasjonsprosjekt
210	HR OG UTVIKLING	1 218	3 262	2023: 1 mill bedriftshelsetjeneste, 1,1 mill IKT - DI, IKT - IKTNH 1,1 mill
220	ØKONOMI	1 154	1 211	Gjeldsforvaltning, Forsikringsmegler og tenesteabonnement Framsikt: 0,7. Utsending av fakturaer (inkl månedlig utsending): 0,5
300	PROSJEKT	80	287	Bistand opplæring til lokalt næringsliv samt øket komentanse på innkjøp i organisasjonen
410	PLAN OG ANALYSE	1 041	2 100	Midler til kommuneplanens arealdel (1 mill. flytta fra 2022), 1,1 mill kytt til planer jfr. Planstrategi
420	KULTUR	1 197	580	0,5 knytt til idrett og frivillighet
440	BRANN OG REDNING	140	199	Helsekontrollar knytt til røykdykkarkrav
500	HELSE OG OMSORG STAB	186	297	Kjøp av vakttenester og konsulent knytt til system og anskaffingar
510	SJUKEHEIMAR	266	35	
520	HEIMETENESTER	216	40	
530	HABILITERINGSTENESTER	36	10	
540	PSYKISK HELSE OG RUS	117	10	
550	LEGE OG HABILITERINGSTENESTE	974	520	Kjøp av legekapitet legevakt
560	NAV	1 444	380	Busetting av flyktingar
600	OPPVEKST STAB	317	50	
610	PPT	24	50	
620	SKULE	936	616	MOT: 0,4 mill. 0,13 Alversund skule
640	BARNEHAGE	89	33	

650	BARNEVERN	480	610	0,3 mil. Kr mottak og undersøkelse barnevern, 0,3 mill kr forsterheimar
660	HELSESTASJON OG JORDMOR	202	60	
710	AREALFORVALTNING	548	171	Plan og byggesak, landbruk, kart og oppmåling og Miljø og tilsyn
720	DRIFT OG VEDLIKEHALD	165	650	0,65 mill. kr knytt til vatn og avløp (sjølvkostfinansiert)
730	EIGEDOMSFORVALTNING	1 727	1 156	0,7 mill . Kr knytt til vatn og avløp (sjølvkostfinansiert), 0,2 knytt til forvaltning veg, 0,3 mill kr bygg, areal og grønt
	TOTALT	20 004	14 717	

Spørsmål frå L.H.van der Kooij ved J.Hellsetveit:

RENSEANLEGG FOR AVLØP

Alver kommune har brukt mykje pengar på renseanlegg og vann og avløp frå Walde til Holme.

Burde ikkje innbyggjarane på dette strekket fått «Invitasjon» til å knytta seg på, slik at kommunen kan få inn pengar til nye utbygginger?

Det er fleire potensielle abonnenter som etterlyser informasjon.

SVAR FRÅ ORDFØRAR:

I overgangen til Alver har det dels mangla systematisk oppfølging som etterlyst her, ut mot innbyggjarane, pga omstillingene og endringane i samanslåingsprosessen. I dette prosjektet har det derfor ikkje gått ut informasjonsbrev slik som praksisen var i gamle Meland.

Det er lagt til rette for privat tilknytning, og informasjon er gitt når folk har etterspurt den.

Det er planlagt eit eige opplegg for tilknytning av nye abonnentar knytt til pågåande og nyleg avslutta anlegg.

KO- 051/23 Vedtak:

Vedlegg i saken:

02.03.2023	1. SPM A.Byrknes	1891358
23.03.2023	KO 23.02.2023 Svar på spørsmål frå Astrid Aarhus Byrknes	1901360
02.03.2023	2. SPM I.Fjeldsbø	1891359
23.03.2023	KO 23.02.23 Svar på spørsmål frå Ingrid Fjeldsbø	1901418
02.03.2023	3. SPM S.Lavik	1891360
23.03.2023	KO 23.02.23 Svar på spørsmål frå Stian Lavik og Astrid Aarhus Byrknes	1901361
02.03.2023	4. SPM M.Klementsén	1891361
23.03.2023	KO 23.02.23 Svar på spørsmål frå Morten Klementsén	1901463
17.03.2023	Bobil tømning Spørsmål KO 30.03.2023	1898474
21.03.2023	Spørsmål til ordførar 30.3.23 om dialogmøte havbruksnæringa	1899642
29.03.2023	Spørsmål 28.03.2023	1904257

29.03.2023	Spørsmål 28.03.2023	1903943
29.03.2023	Spørsmål 29.03.2023 - 1	1903944
29.03.2023	Spørsmål 29.03.2023	1903945